

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Saksbehandlar: Siril Therese Sylta  
Referanse: 14/4022 – 14/12403

Vabø 22.05.2014

### Tilleggsinformasjon – gbnr 45/6 Sletten

Viser til epost motteke 21.05.2014 der det vert informert om at det må søkjast om dispensasjon frå avstand til vassdrag jfr Pbl § 1-8

Klima- og miljødepartementet sin lovkommentar til §1-8 i plan- og bygningsloven peiker på at formålet med lova er å verne

*«natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser... ... langs viktige vassdrag»*

Den kanalen det her er snakk om oppfyller ikkje kommunen sin eigen definisjon på vassdrag jfr Arealdelen av kommuneplanen 2011-2023

*Vassdrag er vatn, elvar og bekkar som har årsikker vassføring. Årsikker vassføring vil sei at vassdraget ved middeltemperatur over frysepunktet ikkje tørkar ut av naturlege årsaker oftare enn kvart tiande år i gjennomsnitt.*

Dette er ein kanal som er halden i kunstig leid mellom eigedomane på kvar side. Det er tinglyst felles vedlikehald for å halda kanalen open mellom Gbnr 45/1 og 45/4, då hensikta med kanalen er å ta unna avsig frå slåttemark på begge sider.

Det er ikkje vassføring i kanalen ved opphaldsvér lenger enn 14 dagar noko som betyr at det ikkje er årssikker vassføring i kanalen. Dette viser at kanalen ikkje kan klassifiserast som vassdrag jfr Lindås kommune sin eigen definisjon.

Slik me ser det er dispensasjonssøknaden for avstand til vassdrag overflødig i dette tilfellet, då det ikkje er vassdrag i nærleiken.

*Randi S. Flæland*  
Mvh Randi Sletten Flæland